



Ordførarkandidat
Stord FrP
Sigbjørn Framnes



Framstegspartiet

- Fridom og handlekraft
for Stord



“

«Handlekraft og endringsvilje er berande element i Stord-samfunnet. Vår visjon for framtida er at kommunen skal vera like god på dette som det lokale næringslivet – helst betre. I vårt program finn du konkrete saker som me brenn for og skal levera på etter valet. Det å gjera ein kommune betre krev handlekraft og endringsvilje. Det har Stord FrP.»



Stord Frp sine hovudsaker i valkampen

1. Skapa økonomisk handlefridom for Stord
2. Skapa auka brukarfokus i kommunen sine tenester
3. Redusera skatte- og avgiftstrykket på innbyggjarane
4. Realisera ytre molo - styrka Leirvik som regionsenter
5. Stoppa aktivitetslekkasjen - utvikla og vise fram lokale tilbod og opplevingar
6. Utvikla lagspelarkultur på alle nivå i kommunal drift og forvaltning - JA-kommunen



Stord FrP Topp 10



**Ordførarkandidat
Sigbjørn Framnes**

Busett: Leirvik

Fødd 1965.



**2. Kandidat
Anja Austlid**

Busett: Leirvik

Fødd 1987.



**3. Kandidat
Reinert Svanberg**

Busett: Leirvik/Sagvåg

Fødd 1983.



**4. Kandidat
Eva Herskedal Irgens**

Busett: Sagvåg

Fødd 1975.



**5. Kandidat
Kristine Salomonsen**

Busett: Langeland


Fødd 1988.



**6. Kandidat
Remi Sjo**

Busett: Haga

Fødd 1975 .



**7. Kandidat
Mari-Ann Tveita**

Busett: Haga

Fødd 1970.



**8. Kandidat
Rune Gerhardsen**

Busett: Langeland

Fødd 1981.



9. Kandidat Linda Ottesen

Busett: Sagvåg

Fødd 1984.



10. Kandidat Fredrik Mettala

Busett: Valvatna

Fødd: 2001

11	Heidi Bolme, 1978	24	Thomas T. Ottesen, 1986
12	Eirik Sætrevik, 1995	25	Ronny Furre, 1987
13	Anders Skaar Hansen, 1988	26	Torbjørn Marthinsen, 1944
14	Dagfinn Sunde, 1958	27	Tor Magne Albretsen, 1973
15	Stian Hauge Hansen, 1998	28	Jan-Emil Sjo, 1997
16	Stig Louis Myklevold, 1963	29	Christopher Skjoldal, 1988
17	Kristian Magnussen, 1982	30	Stian Taranger Hansen, 1988
18	Mona Herskedal Irgens, 2005	31	Marte Tveita Djuvland, 1989
19	Marius Nylund, 1988	32	Stian Djuvland, 1985
20	Jørjan Isaksen Irgens, 2001	33	Kristine Solheim, 1989
21	Marius Sjo, 1997	34	Sten-Martin Johnsen Tveita, 2000
22	Kent-Henning Thorsen, 1980	35	Solveig Myhre Kvinnesland, 1993
23	Ingunn Korsnes Berger, 1966		

“

«Stord skal spela på lag med innbyggjarane, organisasjonsliv og næringsliv. Det er i samarbeid mellom ulike grupper at ein kjem fram til dei gode løysingane.

Ønskjer du utvikling i Stord må du stemma FrP. Eg er sikker på at Stord blir betre med Sigbjørn Framnes som handlekraftig ordførar i ein framoverlent kommune.»



Scan QR-koden for
heile programmet til
Stord FrP





- til streng økonomistyring og budsjettkontroll



- til auka økonomisk handlefridom for kommunen



- til prioritering av lovpålagte oppgåver



- til kostnadseffektiv tenesteyting og vareproduksjon



- til kommunen som ein god arbeidsplass



- haldning i bygge- og reguleringsaker



Samferdsle

Stord FrP vil arbeida for gode og trafikksikre kommunale vegar både for bilistar, syklistar og gåande. Me stiller oss positive til utbygging av ny E39 over Stord. Vårt parti er garantisten for at det ikkje vert etablert lokal bomring på Stord - Stordpakken kjem ikkje tilbake med Stord FrP i posisjon.

- Arbeide for snarleg utbygging av E-39 med fire felt og 110 km/t over Stord
- Styrkja vedlikehaldet på dei kommunale vegane
- Arbeide for realisering av fylkesvegprosjekt:
 - gang- og sykkelveg på Litlabøvegen
 - tverrvegen til Ådland
 - Sunnfast med Huglosambandet
- Snarleg bygging av ny bussterminal i samarbeid med fylket
- Invitera til innspel om bruken av eksisterande bussterminal
- Jobbe for å betra hurtigbåtrutene i Sunnhordland
- Vurdera tiltak for Hamnegata, miljøgateprofil og knyting mot hamn
- Samarbeide med næringsliv og ideelle organisasjonar for å realisere turveg Nysæter-Almås-Landåsen.



Næringsliv og økonomi

For å sikra gode oppveksttilhøve og gode levekår for innbyggjarane treng me eit aktivt og framtidsretta næringsliv. Dette vil igjen føre med seg sikre arbeidsplassar og stabil sysselsetjing. Vårt mål er at Stord skal vera ein sterk kommune med handlefridom, robust økonomi og eit godt tenestetilbod som famnar breidt.

Stord FrP skal:

- Sørge for at Stord er ein Ja-kommune
- Gjenopprette god kommunal økonomisk styring
- Setta kommunal tenestepensjon ut på anbod
- Opne for fjermøter i folkevalde organ
- Redusere talet på kommunestyrrerrepresentantar til 27
- Redusera eigedomskatten i 2024, primært ved å auka botnfradraget
- Redusere eigedomsskatten til maks éin promille i 2027
- På sikt fjerne eigedomskatten heilt
- Prioritera oppstart og vidareføring av omdømmeprosjektet
- Optimalisera bruken av bygningsareal
- Legga til rette tomteareal og bustader for etablerarar. Gjerne gjennom samarbeid med private utbyggjarar
- Sikra god kvalitet på tenestene til brukarane ved å fortsatt gjennomføre brukarundersøkingar
- Legga til rette for turisme gjennom etablering av bobilparkering og utvikling av gjestehamner
- Legga til rette for gode og framtidsretta næringsareal
- Utarbeide næringsplan saman med næringslivet, gjerne bruke eksterne tenester til utarbeiding
- Utarbeide ein plan for å synleggjera aktivitetsmoglegheitene i kommunen, saman med tilbydarane
- Sikra at kommunen nyttar Geoparkstatusen til å skape vekst i aktivitetstilboda.
- Vera positive til initiativ frå næringslivet for å auka attraktiviteten og kundevennligheten til Leirvik sentrum
- Vera positive til alle tiltak som styrker Leirvik som regionsenter for Sunnhordland
- Liberalisere alkoholvedtekten, mellom anna med servering i Kulturhuset ved arrangement
- Styrke planarbeidet i kommunen
- Redusera sakshandsamingsstida, noko som og kan gi reduserte gebyr
- Bruka totalentreprise på utbyggingsprosjekt
- Organisere kommunale verksemder som AS
- Vedta bygging av ytre molo i Leirvik innan 2027
- Utvikle nytt nærings- og hamneområde ved flyplassen
- Avhende kommunal eigedom som ikkje er av strategisk verdi
- Realisere bustadområde i Rukjen, gjerne gjennom å auka utnyttingsgraden på arealet
- Realisere offentleg toalett i Leirvik sentrum, gjerne i samarbeid med næringslivet

Kultur og idrett

Stord FrP støttar eldsjelene som gjennom sitt friviljuge arbeid i lag og organisasjonar, bidreg til at innbyggjarane på Stord kan velje fritt i eit breitt og variert aktivitetstilbod.

Stord FrP skal:

- Vera pådrivar for at Stord Kommune skal vera ein aktiv medspelar til kultur og idrettsarrangement
- Sikra at lag og organisasjonar som driv med arbeid for born og unge har gode rammevilkår
- Legge til rette for å vidareutvikle talent og elite i lag og organisasjonar, uavhengig av aktivitetsform.
- Gjera kommunen sitt bibliotek meir synleg, tilgjengeleg og brukarvenleg ved å endre lokaliseringa
- Investere i nytt akustisk lydsystem i Kulturhuset
- Opne for fast skjenkeløyve i Kulturhuset ved arrangement
- Kanalisera mest mogleg av kulturmiddlane til brukarane og samstundes redusera dei administrative funksjonane.
- Sjå på moglegheten for eit lågterskel tilbod for musikkinteresserte born og unge
- Byggja nytt sanitæranlegg og bårehus ved Stord kyrkje
- Utgreie:
 - sentralt badeanlegg
 - felles fotballhall
 - senter for vassport ved Ådlandsvatnet
- Jobbe for å realisere heilårsveg- og parkering til Heio, gitt eit samarbeid med grunneigarar og kostnadseffektive løysningar
- Me skal støtta opp under motorsport i Stord kommune og vera positive til å finna eigna areal



Omsorg, helse og sosial

Stord FrP vil arbeida for å sikra trygge og føreseielege rammer i alle områda innan helse- og omsorgssektoren.

Stord FrP skal:

- Organisere kommunale tenester etter «leve heile livet»-tankegang
- Eige kjøken med lokalprodusert mat til sjukeheimane
- Tilby omsorgs- og sjukeheimslassar med god kvalitet til dei som treng det, når dei treng det
- Sikre gode dagtilbod på Sæbø gard
- Ha gode verna arbeidsplassar/Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA) som Podlen Verkstad
- Inngå avtale med «Helt Med» eller liknande tilbod i løpet av perioden
- Auka valfridomen for brukarane av omsorgstenestene
- Bygge sjukeheim i Sagvåg, og deretter i Nordbygda ved behov
- Styrka den førebyggjande rusomsorga ved å vidareføre SLT-koordinator sine funksjonar
- Ivareta eksisterande tilbod for rusbehandling og ettervern. Vera positive til private tilbod
- Jobbe for at helseføretaka skal følgje fylkesgrensene
- Støtta og styrkja familievernarbeidet
- Synleggjera tenestetilbodet for brukarane
- Vidareutvikla førebyggjande heimebesøk
- Sikre sambuargarantien
- Styrke samarbeidet med frivillig organisasjonar
- Auka løyvingar til fysio- og ergoterapeutar i rehabilitering
- Starte opp igjen døgntilbod innan rus og psykiatri
- Styrka rekruttering av helsepersonell til kommunen på alle nivå
- Bruke heile spekteret av turnusordningar for å tilpasse seg behovet til brukarane og dei tilsette
- Løfte trongen for yrkesvegen inn i sjukepleiarutdanninga
- Auka stillinga til kreftkoordinator i kommunen til 100%

Oppvekst, skule og utdanning

Stord FrP vil at born og unge i Stord-skulen skal ha eit trygt, utviklende og støttande læringsmiljø. Skulekvardagen skal vera prega av ro, orden og god trivsel.

Stord FrP skal:

- Innføra delvis fritt skuleval i Stord Kommune. Dei som vel vekk nærskulen må ta transportkostnadane sjølv. Skular skal fortsatt prioritera elevane busett i krinsen
- Halda fram samarbeidet med MOT
- Ha nulltoleranse for mobbing. Mobbaren skal skifta skule, ikkje offeret
- Auke løyyingane til uteområde i barnehagane
- Auka bruken av praktiske aktivitetar i undervisninga
- Skulane skal søka samarbeid med næringslivet, idrettslag og ideelle organisasjonar
- Realisere Newton rom i 2024 på Nysæter Ungdomsskule
- Realisera utbygging på Langeland med bruk av totalentreprise til ein realistisk kostnad
- Utvikla ei skulefritidsordning (SFO) som tek omsyn til både borna og foreldra sine behov. Gjerne gjennom samarbeid med private og ideelle organisasjonar, der ein opprettheld kvaliteten og senkar kostnadane for føresette
- Handsama private, ideelle og kommunale tenesteytarar likt
- Opprette kulturskuletilbod ved ungdomsskulane
- Utreie oppvekstsenter knytt til ungdomsskulane. Her vil me samle helsestasjon, helsesjukepleiarar, leksehjelp og andre tilbod til born og unge ute i bydelane
- Oppretthalde dagens nivå på ungdomsklubbane som eit minimum
- Fleire helsesjukepleiarar i skulane
- Ha eit godt og kompetent barnevern i kommunen
- Ny inntaksmodell med minimum to inntak i året for barnehage
- Legge til rette for godt barnehagetilbod i bydelane, der private og kommunale vert likestilt
- Kartlegge behovet for kveldsopen barnehage
- Legge til rette for leksehjelp frå frivillige/ideelle organisasjonar
- Arbeida for realisering av byggetrinn 2 for Stord vidaregåande og at den blir bygd ut samanhengande. Samarbeida med Vestland fylke for å finna tenleg bruk av Saghaugen
- Sikra at idrettslag og andre lukkast i bruken av skular og idrettshallar etter skuletid. Ha tillitsbaserte ordningar til ein fornuftig kostnad, som sikrar at anlegga har den tiltenkte aktiviteten og møteplassfunksjonen

Verdiskapingsfylket Vestland

Stem FrP ved kommune – og fylkestingsvalet!



Ordførarkandidat Stord FrP
Sigmund Framnes

Fylkesordførarkandidat
Vestland FrP
Terje Søviknes



FrPs prioriteringar i fylket:

- Fritt skuleval og satsing på yrkesfag
- Utbygging og vedlikehald av fylkesveg
- Nei til bybane over Bryggen
- Nei til bompengefinansiert bybane til Åsane
- Ja til eit godt kollektivtilbod i heile fylket
- JA-haldning i arealsaker
- Verdiskaping og arbeidsplassar

Vestland FrP stiller ei knallsterk liste til **fylkestingsvalet 2023**:

1. Terje Søviknes (Bjørnafjorden)
2. Sigmund Framnes (Stord)
3. Renate Møgster Klepsvik (Austevoll)
4. Martine Jordana Baarholm (Bergen)
5. Frank Willy Djuvik (Kinn)
6. Stig Abrahamsen (Askøy)
7. Helge Stormoen (Bergen)
8. Sigurd André Maraas (Fitjar)
9. Gustav Bahus (Bjørnafjorden)
10. Rita Navarsete (Sogndal)
11. Hogne Bleie (Stad)
12. Frode Nygård (Kvam)
13. Anita Garlid Johannessen (Øygarden)
14. Martin Virkesdal Jonsterhaug (Bergen)
15. Mary Ann Mostraum (Alver)



Framstegspartiet

- Stem for eit offensivt Vestland!

Scan QR-koden for heile programmet til Vestland FrP



TRYKT I
NORGE
NO - 4279